



Ivar Mortensson Egnund.

Ivar Mortensson Egnund 150 år

Nordøsterdølen Ivar Mortensson-Egnund var ein av Noregs mest allsidige åndsmenneske. Han var forfattar, journalist, teolog, granskar, omsettar, politiskar og filosof. Og sjølvsagt målmann. Han var fødd 24. juli 1857 på Øya på Plassen i Vetlelvdalen. Foreldra var Anne Petronelle Tangen frå Neby Østre i Tynset og stortingsmann for Venstre, Morten Mortensen frå Ogar den i Tynset. Årsaka til at familien budde på Plassen var at Mortensen var styrar for Folldal verk.

Ivar Julius Mortensen voks opp i eit haugiansk venstremiljø og vart teolog i 1883. Han fornorska namnet til Mortensson. Han vart kjend med Molkte Moe på Aars og Voss skule. Og gjen nom Moe med Arne Garborg. Da Garborg sette i gang avisa "*Fedraheimen*" i 1877, vart Mortensson medarbeidar, og i 1884 redaktør.

Mortensson vart først landskjend da han i 1881 leidde eit opprør på Gråtenmoen ved Skien. Han ville slåss for Johan Sverdrup, parlamentarisme og målsak. Det resulterte i kakebu i Kristiansand, der ha sjølv måtte betale opphaldet. Deretter heldt flogvitet vårt føredrag om stev og salmar i Setesdal.

Garborg skreiv at når vennen hans var kommen borti noe urimeleg, fann han på det mest bakvendte. Når Mortensson tok pennen fatt, blanda det seg

både leik og dikting. Da måtte som oftast Ingeborg Jore gå mellom karane i avislokalet. Men vennskapen heldt fram. Dei to gav i 1885 ut lesebok i det norske folkemålet.

"*Fedraheimen*" tok til som "Eit vikeblad aat det norske Folket", men vart ei avis som skulle stri mot "pengevelde, prestevelde og statsvelde". Men om Mortensson var revolusjonær, var han ikkje materialist. Da Gud hadde "*sett han i Heimen*", var det Guds vilje at han skulle slåss mot Djevelen. "*Det lyt bli mange basketak!*", slo han fast.

I "kråkerei" i Pilestredet var det "*eit sant målstrevorbot*". Dei drakk kaffi, røkte tobakk og dagdrømte om da Fedraheimen skulle ha ti tusen tingarar. Hulda Bergersen gjekk på målskole der med Mortensson og Andreas Hølaas. Ho vart førd inn i ei verd med folkemusikk, folkedikting, ættesoger, folkedans og bunad. Mortensson vart den som påverka Hulda mest. Han ordna også at Arne Garborg fekk leige Kolbotnen ved Savalen i Tynset. Da Arne og Hulda flytta dit 1887, vart Mortensson og "*Fedraheimen*" med på lasset til Tynsetbyen.

I 1888 gjekk Mortensson inn for Garborg som stortingsmann for Hedemarken Amt, noe som var mindre vellykka. Året etter heldt han 17. mai tale i Tynset, der han gjekk til åtak på feige

eidsvollsmenn, men roste oppglødd Den franske revolusjonen. Han avslutta med å synge Marseillaisen for sjokkerte bønder. Han og Garborg melde seg så ut av Venstre og stifta arbeidslag på Tynset og Røros.

Mortensson heldt no føredrag om og samla inn pengar til nasjonalgåve til bestevenen. Noen føredrag tryktes i tidsskriftet "*Fridom*" i 1897, samtidig som biografien "*Arne Garborg. Ein fyrstalsmann*" kom ut.

I 1889 reiste Mortensson til Tyskland for å hjelpe Garborg med "*Hjå ho mor*". Seinare reiste han til Italia og kjende seg som fullblods europear. Før "*Fedraheimen*" gjekk inn i 1891, drog han som "Ivar Matlaus" på føredragsturne. På tre år heldt han 200 føredrag for 15 000 tilhørarar. Han hevda at Jesus var revolusjonær som ville skape Gudsriket på jorda. På Hamar bad ein emissær for føredragshaldaren. Mortensson hadde studert Bibelen på originalspråket og kjende seg trygg i tolkinga.

I 1899 drog den ihuga landsmålsmann atter på turne, og da for å kjempe mot riksmålsmann Bjørnson. Der Bjørnson tala om riksmål, dukka Mortensson opp etterpå for å slå eit slag for landsmål. Føredraga resulterte i bok om Ivar Aasen i 1902.

Mortensson vart anarkismens største teoretikar her til lands. Han hadde vokse opp i eit bondesamfunn, som Hulda Garborg meinte var naturleg og lykkeleg. Bygdene i Nord-Østerdalen var eit samfunn utan standskilnad. Dugnadsanden og samvirketanken stod sterkt.

Om livssynet til Mortensson var prega av mystikk og russisk-europeisk

anarkisme, sat han trygt forankra i bondekulturen. Han slo fast at det hadde herska praktisk anarkisme i det norske bondesamfunnet, ikkje minst i fjellbygdene Tankane vart til "*Bonde-skipnad i Norig i eldre tid*" (1904). Han syner at privat eigedomsrett ikkje er opphavleg, men at jorda hørde til samfunnet.

Mortensson brevveksla med anarkist Pjotr Kropotkin. Da han sjølv vart bonde, gav han ut bladet "*Fridom*" og boka "*Fridomsvegen*". Han slår fast at sosialdemokratiet er eit trugsmål mot fridomen, og at ei dyr og mannsterk regjering berre vil administrere bort og øydeleggje dei beste sakene.

Teologien til Mortensson er basert på folkeleg trusliv, påverka av haugianismen i Nord-Østerdalen. Han hadde sjølvsagt lese Kierkegaard og lærte Arne Garborg om filosofen. Slik vart altså "*Læraren*" til.

Iallfall ville Mortensson søkje attende til urkristendommen. Seinare styrkte teosofien og antroposofien han i livssynet. Redaktør Rasmus Steinsvik, som hadde teke over "*Fedraheimen*" i 1889, slo fast at venen tenkte som ein professor, fantaserte som ein oppfinnar, drømde som ein profet og sverma som ein metodist for brorskapets framtidsevangelium!

Som forfattar er ikkje Mortensson-Egnund lett tilgjengeleg. Men han fekk lovord av teatersjef Bjørn Bjørnson for skodespelet "*Varg i Veum*". Forfattaren vil syne fram tidsskiftet i vikingtida. Spelet ble sett opp på "Det Norske teatret", med musikk av Christian Sinding. Også David Monrad Johansen har tonesett drama av Mortensson.

Mortensson bruker folkedikting i ein særprega litteratur han så å seie er aleine om her til lands. Mest kjend er landsmålsomsettingane av *”Den Eldre Edda”* frå 1904. Han gav seinare ut ein versjon av Draumkvædet – *”Gjallarbrui”*.

Allereie i *”Paa ymse gjerdom”* (1889), som han melde sjølv, skapte forfattaren ei prosalyrisk form, som dukkar opp att i Garborgs *”Den burtkomne Faderen”*. Da han i nyromantikkenes ånd forfatta *”Or dulto. Draumkvæe”*, syntes konsulent Garborg at dikta var eit nytt Draumkvede – og vart sjølv inspirert til *”Haugtussa”*.

Også Aukrust, Kinck og Obstfelder vart påverka av Mortensson. Både Aukrust og Kinck har heldt hus hos Mortensson. *Tidens Tegn* skreiv seinare at få visste at Ivar Mortensson-Egnund var ein av våre største diktarar. Det hadde ikkje minst *”Or Dulto”* vist.

I tida som bonde fekk han god tid til å tenkje. Det resulterte i dei sjølvkritiske *”Ein frikar”*, *”Trollham”* og *”Skogtroll”*. Forfattaren gjev seg sjølv bygdedomen: *”Di meir boksprengd ein er, di meir tufs blir det med garden.”* Han overlet gardsstellet til kona, født Karen Nilsen frå Bergen. Han fekk nemleg statsstipend på 2 000 kroner årleg i 1907.

Huslyden slo seg ned på Lillehammer. Oppbrotet skildrast i *”Runar”*. På Lillehammer grunnla kona og han kulturdagane – *”Haaballsvaka”*. Han fekk Bjørnson med på laget, ved hjelp av fru Karoline.

Hulda Garborg meiner at læremeisteren hennar hadde dikting, draumar og granskarverd langt frå asfalt og kafe-krokar. Verkstaden låg i naturen, med utsyn mot stjernehimmlen. Mortensson trakk seg dermed tidleg frå dag-

sens strid. Han var meir oppglødd over å ha funne *”nøklane”* til Voluspå enn unionsoppløysinga i 1905.

Molke Moe var ikkje fullt så begeistra for Edda-granskinga, og hevda at *”Savalguten”*, han skifta støtt namn, dreiv valdtekt på vitskapen. Arne Garborg meinte derimot at hans gode granne burde skape eit doktorgradsarbeid. Han støtta derfor Ivar pengemesig.

I 1909 vart Mortensson stiftskapelan i Hamar. I 1910 utnemnd til prest i Fyresdal. Karen likte ikkje pietistane. Ein sa til Ivar: *”Me skynar ikkje presten, og det me skynar, er me ikkje einige i”*. Soknepresten sende kona på møte i indremisjonslaget. Så fekk han kall i Løten. Han tok der farvel med *”Siste ordet åt Hedmarkingen”*.

Mortensson skifta no namn til Mortensson Egnund. Garborg meinte at venen hadde fleire namn enn Odin. I 1919 hamna teologen i Alexander Seippels arbeidslag for å omsette Bibelen til landsmål.

14. januar 1924 sovna bestevenn Arne inn på Hvalstad. *”Savalguten”* i presteskrud tala i gravferda i Trefoldighetskyrkja for statsminister Berge og Ivars fetter, stortingspresident Ivar Lykke.

Dei siste åra levde Ivar Mortensson-Egnund mest som ein profet i diktarstua. Han gjekk bort i 1934, same året som Hulda Garborg. Jubilanten vår er kan hende den mest allsidige kulturpersonlegdom som har levd i Noreg. Hurra for Ivar!

Arne Dag Østigaard,
2500 Tynset
arneosti@start.no